

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA-Q14, FA-X53	22/245

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
035/2022	Kommunestyret	PS	29.09.2022

## Løyving til rassikring på Kleivane

### Forslag til vedtak:

Rådmannen tilrår at det vert løyvd totalt 3 500 000 inkl. mva til rassikring i Kleivanebrekka.

Finansiering i investeringsrekneskapen:

Mva-kompensasjon       kr 700 000

Overføring frå drift     kr 2 800 000

Finansiering i driftsrekneskapen:

Overf til investering     kr 2 800 000

Reduksjon av nettoløyving til Rådmannen/sentraladm     kr 2 800 000

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

01.08.2022 gjekk det eit mindre jord-/steinsprang i Kleivanebrekka. Jord-/steinspranget medførte at vegen til Kleivane vart stengd ein kortare periode. Gjerden Fjellsikring AS var tilstades i Modalen kommune i forbindelse med sikringsarbeid bak Bryggjeslottet, dei vart kontakta for å synfare skredløpet.

Gjerden Fjellsikring AS engasjerte geolog frå Multiconsult for å vurdere forholda der jord-/steinspranget gjekk. Geolog gjennomførte synfaring av området 04. august, 16. august og 5.

september 2022. I samarbeid med Gjerden Fjellsikring AS vurderte geologen aktuelle sikringstiltak.

I etterkant av synfaringane utarbeidde Multiconsult to notat (Kleivane – Modalen, Sikring av skredløp notat 1 og Sikringsanvisning skredløp. Notat 2). Notata gav ei oversikt over forholda langs skredløpet samt ei skildring av behov for sikringstiltak og vidare undersøkingar.

Det vert tilrådd:

- Rensk
- Bolte- og fjellbåndsikring
- Wirenett
- Sprenging av bergparti
- Fangnett/sikringsnett

### **Vurdering**

På Kleivane er det i overkant av 40 fastbuande. Sikring av skredløpet i Kleivanebrekka er heilt naudsynt då dette er einaste køyrbare veg til Kleivane.

### **Finansiering:**

Det er behov for løyving på samla kr 3 500 000 inkl mva. Mva-delen av beløpet utgjer kr 700 000.

Løyvingsbeløpet, kr 3,5 millionar, skal dekke oppdatert kostnadsestimat frå Gjerden fjellsikring på kr 2,9 millionar, diverse graving, rydding, spyling m.m. frå Mofjord Maskin, oppsett av gjerde samt noko buffer for utføresette kostnader.

Tiltaket skal utgiftsførast og finansierast i investeringsrekneskapen, slik praksis har vore både i samband med rassikring ved fotballbana, rassikring ved Bryggjeslottet og utgifter knytt til raset på Nottveit.

Det vert tilrådd at denne utgifta kan finansierast med overføring av midlar frå driftsrekneskapen. Det er venta stor meirinntekt i driftsrekneskapen knytt til sal av konsesjonskraft. Justert årsbudsjett på den inntektsposten er kr 5 050 000 etter justering i samband med 1. tertialrapportering. Salet av konsesjonskraft som vert gjort etter avtale med Vestland fylkeskommune, er på samla om lag 6,5 Gwh (6,5 millionar kilowattimar). Gjennomsnittspris pr kWh var i fyrste halvår kr 1,56, og samla inntekt for same periode var kr 4,99 millionar. Kraftmengde er ulikt fordelt på dei ulike månadane, og det er noko meir i fyrste halvår enn 2. halvår. På den andre sida har spotprisen på straum dei 2 siste månadane lagt betydeleg over gjennomsnittsprisen for 1. halvår. Det er såleis rimeleg å vente høgare inntekt 2. halvår enn 1. halvår, slik at me kan vente ei meirinntekt som er stor nok til å finansiere løyvinga til rassikringa. Inntekta frå dette salet vert rekneskapsført på budsjettområdet Rådmannen/sentraladm og slik meirinntekt vil redusere behov for nettoløyving tilsvarande.

Det kan såleis tilråddast slik finansiering:

Løyving: kr 3 500 000 (investeringsutgift)

Finansiering i investeringsrekneskapen:

Mva-kompensasjon kr 700 000

Overføring frå drift kr 2 800 000

Finansiering i driftsrekneskapen:

Overført til investering kr 2 800 000

Reduksjon av nettoløyving til Rådmannen/sentraladm. kr 2 800 000

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at det vert løyvd totalt 3 500 000 inkl. mva til rassikring i Kleivanebrekka

Finansiering i investeringsrekneskapen:

Mva-kompensasjon kr 700 000

Overføring frå drift kr 2 800 000

Finansiering i driftsrekneskapen:

Overf til investering kr 2 800 000

Reduksjon av nettoløyving til Rådmannen/sentraladm kr 2 800 000

### **Kommunestyret - 035/2022**

#### **KS - behandling:**

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om saka og svara på spørsmål.

Rådmannen orienterte om framlegget til finansiering av tiltaket.  
Samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

Rådmannen tilrår at det vert løyvd totalt 3 500 000 inkl. mva til rassikring i Kleivanebrekka.

Finansiering i investeringsrekneskapen:

Mva-kompensasjon      kr 700 000

Overføring frå drift      kr 2 800 000

Finansiering i driftsrekneskapen:

Overf til investering      kr 2 800 000

Reduksjon av nettoløyving til Rådmannen/sentraladm      kr 2 800 000

**Vedlegg:**

Notat Kleivane - Modalen

10246248-RIGberg-NOT-002 – Kopi